



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

KOPI

Stein Ove Andersen
Straumshaugane 40
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/300 - 15/2076

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
30.01.2015

Merknad til BOH sitt vedtak - flytebrygge på gbnr 108/515 Lindås

Viser til BOH sitt løyve til utlegging (utviding) av flytebrygge datert.

Situasjonsplanen som er godkjent av BOH i 2009 og 2015 etter hamnelova, er ikkje i samsvar med reguleringsplanen frå 2004 (sjå e-posten frå Lindås kommune 30.12.2014). Karta ser like ut, men det er ein liten forskjell.

Situasjonsplanen er eit framlegg til endring av reguleringsplanen, som kommunen mottok 10.06.2008. Vårt svar på denne «søknaden» datert 08.12.2008 er vedlagt.

Endringa gjekk ut på å endra trafikkområde sjø til småbåthamn og flytta grensa for regulert område 8-10 m lenger ut frå land. Endringsframlegget vart aldri realitetshandsama, fordi tiltakshavar ikkje gjekk vidare med å oppfylle kommunen sine krav til søknad. Men dei fekk løyve frå BOH i 2009.

Konklusjonen er at den omsøkte bølgebrytaren og ytste delen av den eksisterande flytebrygga er i strid med reguleringsplanen.

Med helsing

Tor Hegle
Avdelingsleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedk reguleringsendring - Lindås nedregbnr 108-540 m fl - Lindås



Lindås Feriesenter AS
Postboks 22
5951 Lindås

Dykkar ref.

Vår ref.
2006/2448 - 28018/2008

Saksbehandlar - tlf.
Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24

Arkivkode
108/540

Dato
08.12.2008

Vedkommende reguleringsendring- Lindås Feriesenter gbnr 108/540 -Lindås

Viser til brev om plassering av flytebryggje/bølgjebrytar motteke 10.06.2008 (datert 19.08.2007), og beklagar at De ikkje har fått svar tidlegare.

Den innsende søknaden kan ikkje handsamast direkte, men må gjennom ein planprosess, og vi ser for oss følgjande trinn i handsaminga:

- 1) Varsling - utførast av tiltakshavar, som tek i mot uttalar og handsamar desse
- 2) Innsending av planframlegg - utførast av tiltakshavar
- 3) Høyring (ev. 1. gongs hands. og off.utlegging) - utførast av kommunen
- 4) Vedtak (ev. 2. gongs hands. og kunngjering) og utsending til partane

Vi tilrår at De varslar oppstart av reguleringsendring med ei formulering som tek høgde for både reguleringsendring etter pbl § 28-1 nr.1 og mindre vesentleg reguleringsendring etter pbl § 28-1 nr.2.

Varsel skal vera i form av brev med kartvedlegg til offentlege instansar, naboar og annonse med kart i lokalavisene.

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	Pb.7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Avdeling for regional utvikling	Pb.7900	5020	BERGEN
Bergen og Omland havnevesen		Pb. 6040	5892	BERGEN
Kystverket Vest	Flathauggata 12	Pb.7900	5523	HAUGESUND

Varsalet skal visa det aktuelle arealet og omtala dei ønskje endringane.

Vi trur sjansen er større til å få gjennomført endringa som mindre vesentleg dersom utvidinga av regulert område ikkje vert større enn det som er strengt nødvendig å få plass til flytebryggje/bølgjebrytar.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll